

## Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Vikas Thakur (video), Anders Ulstein, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent); Julie Katrine Flikke (observatør)		
Forfall:			
Kopi til:	Prorektor forskning		
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 1. møte		
Møtetid:	Fredag 17.11.2021 kl. 11.00-15.00	Møtestad:	Gløshaugen, Hovudbygninga 001
Signatur:			

### 1. Innkalling og sakliste

Det var innkalla til møte i e-post den 06.12. og i Teams-kanalen til utvalet. Det var ingen merknader til innkallinga. Referat frå førre møte var sendt ut tidlegare og godkjend med små rettingar.

Til møtet var ph.d.-kandidat Julie Katrine Flikke, HF-KULT, invitert som observatør, i samråd med utvalet. Av omsyn til ho vart det tatt ein kort presentasjonsrunde.

#### SAKSLISTE

Sak	Innhald
1.	Innkalling m.v.
2.	Korte orienteringar og oppdateringar (Terje og Thor Bjørn)
3.	Forslag til tema og opplegg for webinar
	Pause
4.	Utkast til retningslinjer, Allmenne prinsipp. Drøfting.
5.	Eventuelt

**Postadresse**7491 Trondheim  
Norway**Org.nr. 974 767 880**postmottak@ntnu.no  
www.ntnu.no**Besøksadresse**Høgskoleringen 1  
Hovedbygningen**Telefon**

+47 73595000

**Sakshandsamar**Thor Bjørn Arlov  
thor.arlov@ntnu.no  
Tlf: 90635072

## 2. Korte orienteringar og oppdateringar

- Leiar og sekretær har avtala møte med Seksjon teiknspråk og tolking 7. januar. Rapport kjem i neste utvalsmøte.
- Sekretæren har tatt kontakt med Kommunikasjonsavdelinga om ekstern nettside for utvalet.
- Sekretæren har hatt kontakt med Avd. for utdanningskvalitet om moglege tilbakemeldingar om språk i KASPER-systemet. Noko slik er ikkje registrert, men så er det heller ikkje spurt om det. Ei anna tilnærming kan vere å spørje nestleiarar for utdanning ved institutta. Leiar og sekretær skal vere med i møte i Utdanningsutvalet 17. januar og kan ta det opp der.
- Rektor har gitt ei ekstraløyving til styrking av tilbodet om norskopplæring i 2022. Det blir møte med ISL på nyåret for å avtale bruk av midlane.

## 3. Forslag til tema og opplegg for webinar

Til møtet hadde leiar laga framlegg til webinar med tema språkval på NTNU. Forslaget innebar paneldiskusjon i to bolkar på 45 minutt med pause imellom, ein på norsk om arbeidslivet sine behov for språkkompetanse og ein på engelsk om balansen mellom norsk og engelsk på NTNU.

Utvalet var nøgd med framlegget. I diskusjonen kom mellom anna disse momenta fram:

- Det trengst ei lengre innleiing om kvifor språk er viktig, og det er kanskje naturleg å starte med den NTNU-interne diskusjonen om parallellspråk.
- Studentrepresentantar bør vere med i både bolkane.
- På eit eller anna vis må vi få inn spørsmål, om så på førehand.

Det kom fleire forslag på moglege deltakarar i panela, og leiar oppfordra til å komme med fleire på Teams-kanalen.

## 4. Utkast til retningsliner, Allmenne prinsipp

Til møtet hadde leiar laga eit første utkast til nye retningsliner, kapittelet Allmenne prinsipp (§§ 1-9). Utvalet gjekk gjennom og drøfta utkastet punkt for punkt. Leiar og sekretær noterte endringsforslaga og vil legge fram eit nytt utkast før neste møte. Dokumentet med endringar blir liggjande på Teams og er ope for kommentarar frå medlemmane (hugs 'Spor endringar').

Utvalet bad om at ein disposisjon med titlar blir lagt ut på Teams. Dei var nøgde med arbeidsforma.

## 5. Eventuelt

- Utvalet var godt nøgd med møtet.
- Leiar Terje takka Anders for innspelet om og skisse til fortale/forord.
- Neste møte (digitalt) er måndag 10. januar 13.00-15.00. Førebels innkalling er sendt ut, sakliste og møtepapir kjem på nyåret.